Valle Sparebank
- allstøtt med deg

Kvartalsrapport 3. kvartal 2026



Kvartalsrapport for 3. kvartal 2026

Rekneskapsprinsipp

Valle Sparebank nyttar IFRS 9 som rekneskapsstandard. Delårsrekneskapen er ikkje revidert.

Forvaltningskapital

Forretningskapitalen (inkl. portefølje i Eika Boligkreditt) er ved utgangen av 3. kvartal 3.728 mill. kroner. Dette er ein auke på 285 mill. kroner, eller 8,29 % samanlikna med same tidspunkt i fjor. Forvaltningskapitalen er 2.555 mill. kroner som er ein auke på 102,3 mill. kroner siste 12 månadar.

Utlån

Total utlånsportefølje er ved utgangen av 3. kvartal 3.239,5 mill. kroner, som er ein auke på 319,6 mill. kroner eller 10,94 % samanlikna med same tidspunkt i fjor. Sidan nyttår er auken 255,3 mill. kroner eller 8,54 %. Overføringsgraden til EBK er 38,06 % av samla utlån til personmarknaden.

Brutto utlån i eigen balanse er pr. 30.09.26 2.071,2 mill. kroner, som er ein auke på 136,3 mill. kroner siste 12 månadar. Banken har ved utgangen av 3. kvartal formidla utlån gjennom Eika Boligkreditt på 1.173,4 mill. kroner, ein auke på 183,1 mill. kroner siste 12 månadar. Sidan nyttår er det ein auke på 153 mill. kroner.

Innskot

Innskot frå kundar er ved utgangen av 3. kvartal på 1.953,7 mill. kroner, som er ein auke på 67,8 mill. kroner, eller 3,59 % samanlikna med same tidspunkt i fjor. Innskot frå kundar dekker 94,33 % av brutto utlån. Til same tid i fjor var tilsvarande forholdstal 97,47 %. Det har vore ein auke i innskot på 61,9 mill. kroner sidan 31.12.25.

Resultat av ordinær drift

Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter pr. 30.09.26 er 44,35 mill. kroner, som er 0,1 mill. kroner høgare enn på same tid i fjor. Rentenettoen utgjer 2,35 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital, mot 2,45 % på same tidspunkt i fjor. Netto andre inntekter utgjer 11,31 mill. kroner mot 14,92 mill. kroner på same tid i fjor.

Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og finansielle instrument er negativ med 1,7 mill. kroner ved utgangen av 3. kvartal. Utviklinga skuldast i hovudsak rekneskapsmessig behandling av avkastningseigedelar i fond, der renteinntekter på 3,9 mill. kroner inntektsførast samtidig som kursane på fonda justerast. Nettoeffekten på desse fonda utgjer 2,3 mill. kroner. I tillegg har det vore ein svak nedgang i verdien på øvrige verdipapir.

Driftskostnader utgjer 32,64 mill. kroner, som er ein auke på 3,61 mill. kroner i forhold til same periode i fjor. Av dette er 16,5 mill. kroner løn og andre personalkostnader mot 14,2 mill. kroner i same periode i fjor.

Resultat før skatt viser eit overskot på 21,18 mill. kroner, mot eit overskot på 30,26 mill. kroner på same tid i fjor. Resultat av ordinær drift etter skatt viser eit overskot på 16,69 mill. kroner mot 23,56 mill. kroner på same tid i fjor. Etter ei positiv verdijustering på aksjar målt til verkeleg verdi over utvida resultat på 5,77 mill. kroner, viser totalresultatet eit overskot på 22,45 mill. kroner. Til samanlikning viste totalresultatet eit overskot på 27,32 mill. kroner på same tid i fjor. Det var då ei positiv verdijustering på aksjar på 3,77 mill. kroner.

Kredittap

Det er kostnadsført 1,84 mill. kroner i kredittap på utlån og garantiar. I fjor på same tid var det ei inntektsføring på kr 113.000.

Kapitaldekning

Banken har ein netto ansvarleg kapital på 353,7 mill. kroner ved utgangen av 3. kvartal. Dette gjev ei kapitaldekning på 29,07 % utan at årets overskot er lagt til bankens ansvarlege kapital. Konsolidert kapitaldekning er 23,85 %. Banken innførte massemarknad i 4. kvartal 2025 og dette har medført ein vesentleg auke i kapitaldekningsprosenten.

Utsikter for resten av året

Valle Sparebank har så langt i 2026 hatt god aktivitet, solid utlånsvekst og ein framleis god rentenetto.

Vi opplever at kundane set pris på nærleik, tilgjengelegheit og personleg rådgjeving. Dette er kvalitetar som blir ekstra viktige i ein bankmarknad prega av fusjonar, konsolidering, digitalisering og meir sentraliserte løysingar.

Med den lokale forankringa som utgangspunkt har banken halde fram med å utvikle posisjonen sin, også i marknadsområda Kristiansand og Vennesla.

Noregs Bank sette opp styringsrenta til 4,25 % i mai og til 4,5 % i september 2026. I forbindelse med renteendringa signaliserer Noregs Bank at det truleg vil vere behov for å halde rentene oppe ei tid framover, og er førebudd på å setje renta vidare opp dersom det vert nødvendig for å få prisveksten tilbake til målet på 2 prosent innan rimeleg tid.

Med solid drift, kompetente medarbeidarar og sterk lokal forankring er banken godt rusta til å vere ein god bank for både eksisterande og nye kundar.

Styret er godt nøgd med bankens resultat etter tredje kvartal.

Valle, 11. november 2026

I styret for Valle Sparebank

Anne Gjerden (styreleiar)	Knut Inge Hovet (nestleiar)	Elisabeth B. Spockeli
Kent M. Lund	Tor Arild Rysstad (tilsetterepresentant)	Torleiv Hovet (konst. adm.banksjef)

Resultat og balanseoppstilling

Resultat *Ordinært resultat - Tal i tusen kroner*	Note	3. kvartal isolert 2026	3. kvartal isolert 2025	3. kvartal 30.09.2026	3. kvartal 30.09.2025	Året 31.12.2025
Renteinntekter frå øvrige eigedelar		29.769	29.197	88.517	91.912	113.604
Renteinntekter frå øvrige instrument		2.466	2.853	6.342	5.077	13.923
Rentekostnader og liknande kostnader		17.968	17.711	50.505	52.735	69.390
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter		**14.267**	**14.339**	**44.354**	**44.254**	**58.137**
Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester		3.678	4.303	11.027	12.145	16.686
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester		341	387	1.363	1.371	1.788
Utbytte og andre inntekter av eigenkapitalinstrument		5	0	3.192	3.406	4.280
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og finansielle instrument	6	457	1.056	-1.700	531	1.588
Andre driftsinntekter		47	61	150	206	270
Netto andre driftsinntekter		**3.846**	**5.032**	**11.306**	**14.917**	**21.036**
Løn og andre personalkostnader		5.219	4.559	16.490	14.185	19.979
Andre driftskostnader		4.940	4.582	15.181	13.799	20.877
Avskrivingar og nedskrivingar på varige og immaterielle eigedelar		321	353	965	1.043	1.396
Sum driftskostnader		**10.480**	**9.494**	**32.636**	**29.028**	**42.253**
Resultat før tap		**7.633**	**9.877**	**23.024**	**30.143**	**36.920**
Kredittap på utlån, ubenyttet kreditt og garantier	4	1.609	13	1.840	-113	394
Resultat før skatt		**6.024**	**9.864**	**21.184**	**30.256**	**36.526**
Skattekostnad		1.505	2.450	4.498	6.700	8.366
Resultat av ordinær drift etter skatt		**4.519**	**7.414**	**16.686**	**23.556**	**28.160**
Andre inntekter og kostnader - Tal i tusen kroner						
Verdiendring eigenkapitalinstrument til verkeleg verdi	6	7.951	2.948	5.766	3.763	9.772
Sum postar som ikkje vil bli klassisifert over resultatet		**7.951**	**2.948**	**5.766**	**3.763**	**9.772**
Totalresultat		**12.470**	**10.362**	**22.452**	**27.319**	**37.932**

Balanse - Eigedelar

Tal i tusen kroner	Note	30.09.2026	30.09.2025	31.12.2025
Kontantar og kontantekvivalentar		26.022	24.894	25.430
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar		40.296	51.876	43.353
Utlån til og fordringar på kundar til amortisert kost	2, 3, 4	2.066.139	1.929.729	1.963.344
Renteberande verdipapir	6	197.904	236.245	211.053
Aksjar, andelar og andre eigenkapitalinstrument	6	202.106	186.055	201.487
Varige driftsmidlar		11.656	12.968	12.621
Andre eigedelar		10.783	10.831	20.181
Sum eigedelar		**2.554.905**	**2.452.599**	**2.477.468**

Balanse - Gjeld og eigenkapital

Tal i tusen kroner	Note	30.09.2026	30.09.2025	31.12.2025
Innlån frå kredittinstitusjonar		105.749	105.693	105.689
Innskot frå kundar		1.953.659	1.885.877	1.891.741
Gjeld stifta ved utstedelse av verdipapir	7	85.549	85.274	85.292
Anna gjeld		22.090	14.609	22.144
Forpliktelser ved skatt		4.534	8.633	9.523
Andre avsetningar		443	64	48
Sum gjeld		**2.172.024**	**2.100.150**	**2.114.437**
Opptent eigenkapital		366.195	328.892	363.031
Periodens resultat etter skatt		16.686	23.556	0
Sum eigenkapital		**382.881**	**352.448**	**363.031**
Sum gjeld og eigenkapital		**2.554.905**	**2.452.599**	**2.477.468**

Eigenkapitaloppstilling

	Opptent eigenkapital			
Tal i tusen kroner	**Sparebankens fond**	**Gåvefond**	**Fond for urealiserte gevinstar**	**Sum eigenkapital**
Eigenkapital 31.12.2025	**316.430**	**9.153**	**37.448**	**363.031**
Resultat av ordinær drift etter skatt	16.686			16.686
Verdiendring på finansielle eigedelar			5.766	5.766
Totalresultat 30.09.2026	**16.686**	**0**	**5.766**	**22.452**
Utbetaling av gåver		-2.603		-2.603
Andre eigenkapitaltransaksjoner				0
Egenkapital 30.09.2026	**333.116**	**6.550**	**43.214**	**382.881**
Eigenkapital 31.12.2024	**292.730**	**6.299**	**27.716**	**326.745**
Resultat av ordinær drift etter skatt	23.556			23.556
Verdiendring på finansielle eigedelar			3.763	3.763
Totalresultat 30.09.2025	**23.556**	**0**	**3.763**	**27.319**
Utbetaling av gåver		-1.616		-1.616
Andre eigenkapitaltransaksjonar				0
Eigenkapital 30.09.2025	**316.286**	**4.683**	**31.479**	**352.448**

Nøkkeltal

	3. kvartal	3. kvartal	Året
Nøkkeltal er annualisert der anna ikkje er spesifisert	**2026**	**2025**	**2025**
Resultat			
Kostnader i % av totale inntekter	59,00 %	49,08 %	53,37 %
Kostnader i % av totale inntekter (ekskl. VP)	60,25 %	52,55 %	57,64 %
Andre inntekter i % av totale inntekter (ekskl. VP)	18,12 %	19,88 %	20,69 %
Innskotsmargin hittil i år	1,56 %	1,33 %	1,33 %
Utlånsmargin hittil i år	0,92 %	1,36 %	1,34 %
Netto rentemargin hittil i år	2,35 %	2,45 %	2,40 %
Eigenkapitalavkastning[1]	8,05 %	10,76 %	11,00 %
[1] *Basert på totalresultat, eigenkapitalen er justert for hybridkapital*			
Balanse			
Andel av utlån til BM av totale utlån på balansen	7,79 %	6,96 %	7,21 %
Andel lån overført til EBK - kun PM	38,06 %	35,49 %	35,84 %
Innskotsdekning	94,33 %	97,47 %	96,08 %
Innskotsvekst (12mnd)	3,59 %	6,33 %	4,42 %
Utlånsvekst (12 mnd)	7,05 %	1,38 %	5,64 %
Utlånsvekst inkl. EBK (12 mnd)	10,92 %	5,23 %	9,18 %
Gjennomsnittleg forvaltningskapital (GFK)	2.519.550	2.411.438	2.424.153
Gjennomsnittleg forvaltningskapital (GFK) inkl. EBK	3.602.731	3.382.589	3.402.927
Nedskrivingar på utlån og misleghald			
Resultatførte tap i % av gjennomsnittleg brutto utlån	0,12 %	-0,01 %	0,02 %
Tapsavsetningar i % av brutto utlån	0,24 %	0,27 %	0,28 %

Nøkkeltal er annualisert der anna ikkje er spesifisert	**2026**	**2025**	**2025**
Soliditet[1]			
Rein kjernekapitaldekning	22,89 %	22,01 %	25,29 %
Kjernekapitaldekning	23,30 %	22,38 %	25,73 %
Kapitaldekning	23,85 %	22,87 %	26,38 %
Uvekta kjernekapitalandel	8,96 %	9,02 %	9,40 %
[1] *Inklusiv konsolidering av samarbeidsgrupper*			
Likviditet			
LCR	214	196	200
NSFR	131	134	135

Noter til rekneskapen

Note 1 – Rekneskapsprinsipp og viktige estimat og skjønnsmessige vurderingar

Rekneskapsprinsipp

Rekneskapen per 30.09.2026 er utarbeidd i samsvar med Forskrift om årsregnskap for banker, kredittforetak og finansieringsforetak kapittel 8, her under IAS 34 Delårsrapportering. Det er i forskrifta gitt unntak for kravet om å utarbeide kontantstraumoppstilling, og banken har brukt dette unntaket. Kvartalsrekneskapen er utarbeidd i samsvar med gjeldande IFRS standardar og IFRIC fortolkingar. Kvartalsrekneskapen omfattar ikkje all informasjon som vert kravd i eit fullstendig årsrekneskap og bør lesast i samanheng med årsrekneskapen for 2025.

Viktige rekneskapsestimat og skjønsmessige vurderingar

Utarbeiding av rekneskap i samsvar med generelt aksepterte rekneskapsprinsipp krev at leiinga i ein del tilfelle tek føresetnader og må nytte estimat og skjønsmessige vurderingar. Estimat og skjønsmessige vurderingar vert løpande evaluerte, og er basert på historiske erfaringar og føresetnader om framtidige hendingar som vert sett som sannsynlege på balansetidspunktet. Det er knytt uvisse til føresetnadar og forventningar som ligg til grunn for estimata og dei skjønsmessige vurderingane som er nytta. I årsrekneskapen er det gjort nærare reie for kritiske estimat og vurderingar som gjeld bruk av rekneskapsprinsipp.

Alle tal er i heile tusen om ikkje anna er angitt. Funksjonell valuta og presentasjonsvaluta er NOK.

Bankens rekneskapsføring av forventa kredittap

Ved vurdering av forventa kredittap skal bankane ta høgde for dei aktuelle forholda på rapporteringstidspunktet og forventningane til den økonomiske utviklinga. Nedskriving vert rekna ut på grunnlag av utviklinga i kundane si risikoklassifisering samt tapserfaring for dei respektive kundegrupper (PD og LGD). Utover dette vert det lagt vekt på konjunktur- og marknadsutvikling (makroforhold) som enno ikkje har fått effekt på den nemnde risikoklassifiseringa ved vurdering av nedskrivingsbehov på kundegrupper totalt. Den statistiske modellen for utrekning av «Expected credit losses» (ECL) på engasjementa byggjer på fleire kritiske føresetnader, her under sannsyn for misleghald, tap ved misleghald, forventa levetid på engasjementa og makroutvikling.

Banken gjev pantelån der verdien av sikkerheitsobjekta i form av fast eigedom er eit vesentleg kritisk estimat ved utrekning av forventa kredittap. Utviklinga i verdien på pantobjekta på kort og lang sikt er forbunde med usikkerheit. Banken har ved utrekninga av forventa kredittap vurdert engasjementa som er mest utsett for verdifall grunna blant anna pantobjektets tilstand og plassering. Banken har hatt særleg fokus på vurdering av engasjement i den del av utlånsmassen som har høgaste gjeldsgrad og/eller er mest utsett for bortfall av betjeningsevne.

I dei tilfelle engasjementet er vurdert til å ha auka kredittrisiko, eller er merka «forbearance», er engasjementet migrert til steg 2. I tilfelle der det er de er avdekka objektive teikn på verdifall er engasjementet migrert til steg 3.

Verkeleg verdi for finansielle instrument

Verkeleg verdi på finansielle instrument som ikkje vert handla i ein aktiv marknad, vert fastsett med å bruke ulike verdsettingsteknikkar. I desse vurderingane søkjer banken i størst mogleg grad å basere seg på marknadstilhøva på balansedagen. Dersom det ikkje er observerbare marknadsdata vert det vurdert korleis marknaden vil prise instrumentet, for eksempel basert på prising av tilsvarande instrument. I verdsettingane vert det kravd utstrekt bruk av skjøn, blant anna ved vurdering av kredittrisiko, likviditetsrisiko og volatilitet. Ei endring i ein eller fleire av disse faktorane kan påverke fastsett verdi for instrumentet. Det er større uvisse enn elles i verdsettinga av eigenkapitalinstrument i nivå 3.

Note 2 – Kredittforringa engasjement

Misleghald over 90 dagar	3. kvartal 2026	3. kvartal 2025	Året 2025
Brutto misleghaldne engasjement - personmarknaden	11.427	4.516	13.572
Brutto misleghaldne engasjement - bedriftsmarknaden	968	0	0
Nedskrivingar i steg 3	-2.785	-131	-693
Netto mislleghaldne engasjement	**9.610**	**4.385**	**12.879**

Andre kredittforringa	3. kvartal 2026	3. kvartal 2025	Året 2025
Brutto andre kredittforringa engasjement - personmarknaden	2.076	13.125	11.224
Brutto andre kredittforringa engasjement - bedriftsmarknaden	1.950	2.983	2.998
Nedskrivingar i steg 3	-721	-3.209	-3.024
Netto andre kredittforringa engasjement	**3.305**	**12.899**	**11.198**

Note 3 – Fordeling utlån kundar

Utlån til kundar fordelt på sektorar og næringar

	3. kvartal 2026	3. kvartal 2025	Året 2025
Primærnæringar	17.892	18.370	18.351
Industri og bergverk	8.088	7.529	7.379
Kraftforsyning	1.758	1.897	1.863
Bygg og anleggsverksemd	51.391	42.085	47.113
Varehandel	10.375	9.210	8.807
Transport	1	1	0
Overnattings- og serveringsverksemd	2.763	5.177	2.831
Informasjon og kommunikasjon	0	0	0
Omsetning og drift av fast eigedom	50.752	41.908	48.196
Tenesteytande verksemd	6.631	8.532	7.349
Sum næring	**149.651**	**134.709**	**141.890**
Personkundar	1.921.542	1.800.160	1.827.018
Brutto utlån	**2.071.193**	**1.934.869**	**1.968.908**
Steg 1 nedskrivingar	-667	-809	-788
Steg 2 nedskrivingar	-881	-992	-1.059
Steg 3 nedskrivingar	-3.506	-3.340	-3.717
Netto utlån til kundar	**2.066.139**	**1.929.729**	**1.963.344**
Utlån formidla via Eika Boligkreditt (EBK)	1.173.372	990.226	1.020.387
Totale utlån inkl. porteføljen i EBK	**3.239.511**	**2.919.955**	**2.983.732**

Note 4 – Nedskrivingar og tap

Bankens utlån til kundar, unytta kredittar og garantiar er gruppert i tre steg, fordelinga mellom stega gjerast for det enkelte lån eller engasjement.

Tabellane under spesifiserer endringane i periodens nedskrivingar og brutto balanseførte utlån, garantiar og ubenytta trekkrettar for kvart steg, og inkluderer følgande element:

- Overføring mellom steg som skuldast endring i kredittrisiko, frå 12 månadars forventa kredittap i steg 1 til kredittap over forventa levetid i steg 2 og steg 3.
- Auke i nedskrivingar ved utferding av nye utlån, ubenytta kredittar og garantiar
- Reduksjon i nedskrivingar ved frårekning av utlån, ubenytta kredittar og garantiar
- Auke eller reduksjon i nedskrivingar som skuldast endringar i inputvariable, utrekningsføresetnader, makroøkonomiske føresetnader og effekten av diskontering.
- Netto endring visar endring i tap eller engasjement som følge av innbetalinger/auke av saldo der lån ikkje har skifta steg

30.09.2026	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Nedskrivingar på utlån til kunder - personmarknaden	**12 mnd. tap**	**Livstid tap**	**Livstid tap**	**Totalt**
Nedskrivingar pr. 01.01.2026	351	922	2.847	4.119
Overføringar mellom steg:				
Overføringar til steg 1	203	-200	-3	0
Overføringar til steg 2	-34	228	-194	0
Overføringar til steg 3	0	-9	9	0
Netto endring	-345	-308	1.813	1.161
Endringar som følge av nye ellerauka utlån	109	90	0	199
Utlån som er frårekna i perioden	-77	-53	-1.785	-1.916
Konstaterte tap	0	0	0	0
Endra eksponering eller endringar i modell eller risikoparametre	0	0	0	0
Nedskrivingar personmarknaden pr. 30.09.2026	**207**	**669**	**2.687**	**3.563**

30.09.2026	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Brutto utlån til kundar - personmarknaden	**12 mnd. tap**	**Livstid tap**	**Livstid tap**	**Totalt**
Brutto utlån pr. 01.01.2026	1.697.330	104.893	24.795	1.827.019
Overføringar mellom steg:				0
Overføringar til steg 1	33.173	-33.163	-10	0
Overføringar til steg 2	-27.089	34.599	-7.511	0
Overføringar til steg 3	-1	-189	190	0
Netto endring	-19.411	-1.492	26	-20.877
Nye utlån utbetalt	503.512	34.363	0	537.875
Utlån som er frårekna i perioden	-406.644	-11.848	-3.987	-422.479
Konstaterte tap	0	0	0	0
Brutto utlån til personmarknaden pr. 30.09.2026	**1.780.871**	**127.164**	**13.503**	**1.921.538**

30.09.2026	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Nedskrivingar på utlån til kundar - bedriftsmarknaden	**12 mnd. tap**	**Livstid tap**	**Livstid tap**	**Totalt**
Nedskrivingar pr. 01.01.2026	438	137	870	1.445
Overføringar mellom steg:				
Overføringar til steg 1	106	-106	0	0
Overføringar til steg 2	-6	6	0	0
Overføringar til steg 3	0	0	0	0
Netto endring	-87	118	-52	-21
Endringar som følge av nye eller auka utlån	15	64	0	79
Utlån som er frårekna i perioden	-6	-7	0	-13
Konstaterte tap	0	0	0	0
Endra eksponering eller endringar i modell eller risikoparametre	0	0	0	0
Nedskrivingar bedriftsmarknaden pr. 30.09.2026	**460**	**211**	**818**	**1.489**

30.09.2026	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Brutto utlån til kundar - bedriftsmarknaden	**12 mnd. tap**	**Livstid tap**	**Livstid tap**	**Totalt**
Brutto utlån pr. 01.01.2026	128.480	10.453	2.957	141.890
Overføringar mellom steg:				
Overføringar til steg 1	7.482	-7.482	0	0
Overføringar til steg 2	-7.510	7.510	0	0
Overføringar til steg 3	0	0	0	0
Netto endring	-6.444	-255	-39	-6.738
Nye utlån utbetalt	20.841	2.340	0	23.181
Utlån som er frårekna i perioden	-8.094	-583	0	-8.678
Konstaterte tap	0	0	0	0
Brutto utlån til bedriftsmarknaden pr. 30.09.2026	**134.754**	**11.983**	**2.918**	**149.655**

30.09.2026	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Nedskrivingar på ubenytta kredittar og garantiar	**12 mnd. tap**	**Livstid tap**	**Livstid tap**	**Totalt**
Nedskrivingar pr. 01.01.2026	31	16	0	48
Overføringar:				
Overføringar til steg 1	5	-5	0	0
Overføringar til steg 2	-2	2	0	0
Overføringar til steg 3	0	0	0	0
Netto endring	90	303	0	392
Endringar som følge av nye ellerauka ubenytta kredittar og garantiar	1	4	0	5
Nedskrivingar på ubenytta kredittar og garantiar som er fråreknа i perioden	-2	0	0	-2
Endra eksponering eller endringar i modell eller risikoparametre	0	0	0	0
Nedskrivingar pr. 30.09.2026	**123**	**321**	**0**	**443**

30.09.2026	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Ubenytta kredittar og garantiar	**12 mnd. tap**	**Livstid tap**	**Livstid tap**	**Totalt**
Brutto balanseførte engasjement pr. 01.01.2026	72.687	3.834	41	76.561
Overføringar:				
Overføringar til steg 1	1.610	-1.610	0	0
Overføringar til steg 2	-4.023	4.023	0	0
Overføringar til steg 3	0	0	0	0
Netto endring	153	1.705	-41	1.818
Nye/endra ubenytta kredittar og garantiar	13.063	142	0	13.205
Engasjement som er fråreknа i perioden	-11.300	0	0	-11.300
Brutto balanseførte engasjement pr. 30.09.2026	**72.190**	**8.094**	**0**	**80.284**

Nedskrivingar i steg 3 på utlån og garantiar	**30.09.2026**	**30.09.2025**
Individuelle nedskrivingar ved begynnelsen av perioden	3.717	2.816
Auka individuelle nedskrivingar i perioden	1.992	
Nye individuelle nedskrivingar i perioden		621
Tilbakeføring av individuelle nedskrivingar frå tidligare perioder	-463	-97
Konstaterte tap på lån som tidlegare er nedskriva	-1.741	
Nedskrivninger steg 3 ved slutten av perioden	**3.505**	**3.339**

Resultatførte tap på utlån, kredittar og garantiar	**30.09.2026**	**30.09.2025**	**31.12.2025**
Endring i perioden i steg 3 på utlån	-212	674	1.020
Endring i perioden i steg 3 på garantiar		-1	-2
Endring i perioden i forventa tap steg 1 og 2	95	-656	-624
Konstaterte tap i perioden, der det tidlegare er foretatt nedskrivingar i steg 3	1.741		
Konstaterte tap i perioden, der det ikkje er foretatt nedskrivingar i steg 3			
Periodens inngang på tidlegare perioders nedskrivingar	216	-130	
Tapskostnader i perioden	**1.840**	**-113**	**394**

Note 5 - Segmentinformasjon

Banken utarbeider ikkje rekneskap for segmenta privatmarknad (PM) og bedriftsmarknad (BM). Etter banken si vurdering er det ikkje vesentlege skilnader i risiko og avkastning på produkt og tenester som inngår i hovudmarknaden til banken. Banken opererer i eit geografisk avgrensa område, og rapportering på geografiske segment gjev lite tilleggsinformasjon.

Note 6 - Verdipapir

30.09.2026				Sum
Verdsettingshierarki for verdipapir, til verkeleg verdi.	*NIVÅ 1*	*NIVÅ 2*	*NIVÅ 3*	**Totalt**
Obligasjonar til verkelig verdi over resultatet		197.904		197.904
Aksjar og andelar til verkeleg verdi over resultatet	-	73.323	-	73.323
Aksjar til verkeleg verdi over andre inntekter og kostnader	-	-	128.783	128.783
Sum	**-**	**271.227**	**128.783**	**400.010**

Avstemming av nivå 3	**Verkeleg verdi over andre kostnader og inntekter**	**Verkeleg verdi over resultatet**
Inngåande balanse 01.01.2026	120.504	-
Realisert gevinst/tap	(45)	-
Urealisert gevinst/tap ført mot resultatet	-	
Urealisert gevinst/tap ført mot utvida resultat	5.811	
Investering	6.031	
Salg	(3.518)	
Utgåande balanse 30.09.2026	**128.783**	**-**

Verkeleg verdimålingar og -opplysningar klassifisert etter nivå

Verdsettingsnivå angir nivået på verdsettingsmetoden som er brukt for å fastsette verkeleg verdi.

I Nivå 1 er verdien fastsett ut frå kvoterte prisar i aktive marknadar.

I nivå 2 er verdien utleia frå kvoterte prisar, eller berekna marknadsverdiar.

Nivå 3 er verdiar som ikkje er basert på observerbare marknadsdata. Verdsettinga av Eika Boligkreditt AS er basert på ei vurdering av eigenkapitalen i selskapet. Verdsettinga av Eika Gruppen AS tar utgangspunkt i ei verdivurdering av dei enkelte selskapa som inngår i gruppa, og ein samla verdi for konsernet totalt, basert på relevante verdsettingsmetoder. Denne verdivurderinga blir vurdert opp imot sist kjente emisjons- og/eller omsetningskurs, og hensyntatt bankens eigne vurderingar av hendingar fram til balansedagen.

Note 7 – Verdipapirgjeld

				Bokført verdi			Rente-
Lånetype/ISIN	Låneopptak	Siste forfall	Pålydande	**30.09.2026**	**30.09.2025**	**31.12.2025**	vilkår
Sertifikat- og obligasjonslån							
NO0013005298	01.09.2023	01.09.2026	21.000	0	50.193	50.206	3m Nibor + 120 bp
NO0013333476	11.09.2024	11.03.2027	35.000	35.095	35.081	35.086	3m Nibor + 66 bp
NO0013756643	23.06.2026	23.04.2029	50.000	50.454	0	0	3m Nibor + 47 bp
Sum gjeld ved utstedelse av verdipapir				**85.549**	**85.274**	**85.292**	

Endringar i verdipapirgjeld i perioden	**Balanse 31.12.2025**	**Emittert**	**Forfalt/ innløst**	**Øvrige endringar**	**Balanse 30.09.2026**
Obligasjonsgjeld	85.292	50.000	-50.000	257	85.549
Sum gjeld stifta ved utstedelse av verdipapir	**85.292**	**50.000**	**-50.000**	**257**	**85.549**

Note 8 – Kapitaldekning

CRR3 vart innført i Noreg frå 1. april 2025. Endringane i regelverket for standardmetoden inneber meir risikosensitive risikovekter enn i CRR2, særleg for lån med pant i eigedom, der belåningsgrad og verdsetjingsprinsipp får større tyding. Dette påverkar utrekna kapitalkrav og kapitaldekning. Følgjande endringar har mest vesentleg effekt på kapitaldekningsutrekninga:

Pant i bustadeigedom: Engasjement med belåningsgrad under 55 % får ei risikovekt på 20 %. Delen av engasjementet over 55 % belåningsgrad får ei risikovekt på 100 %. Dette prinsippet vert kalla «lånesplitt-metoden». Fram til 1. april i fjor hadde delen av engasjement med pant i bustadeigedom under 80 % belåningsgrad ein risikovekt på 35 %.

Pant i næringseigedom: CRR2 med nasjonale reglar for Noreg gav ingen reduksjon i risikovekt for tryggleik i næringseigedom, det vil seie at desse engasjementa hadde ei risikovekt på 100 %. CRR3 innfører redusert risikovekt for tryggleik i næringseigedom etter følgjande reglar (prinsippet kalla «heile lånet-metoden»):

- Belåningsgrad under 60 % gir risikovekt på 70 % for heile lånet.
- Belåningsgrad mellom 60 % og 80 % gir risikovekt på 90 % for heile lånet.
- Belåningsgrad over 80 % gir ein risikovekt på 110 % for heile lånet.

I den nye standardmetoden er det eigne og høgare risikovekter for lån med tryggleik i inntektsgivande næringseigedom. Desse vektene gjeld i Noreg for alle lån sikra med pant i næringseigedom, uavhengig av om eigedomen faktisk er inntektsgivande.

Det er òg innført strengare krav til verdsetjing av eigedomar, der gjennomsnittsverdiar over 6–8 år skal nyttast, med visse unntak.

Eigenkapitalposisjonar: Det er innført ein regel om risikovekt på 250 % for langsiktige investeringar i aksjar og fondsobligasjonar, og risikovekt på 400 % for investeringar i aksjar med føremål om vidare sal, samt investeringar i venturekapitalselskap o.l. Det er likevel gitt overgangsreglar som inneber ei gradvis opptrapping av risikovekt fram mot 31.12.2030. I perioden 30.06–31.12.2025 er risikovekta for eigenkapitalposisjonar på 100 %.

Subordinert gjeld: Investeringar i subordinert gjeld (ansvarleg lånekapital og anna etterstilt gjeld som TLAC og MREL) får ein risikovekt på 150 % mot 100 % i CRR2.

Banken innførte massemarknad i 4.kvartal 2025.

Kapitaldekning

	3. kvartal	3. kvartal	Året
Morbank	**30.09.2026**	**30.09.2025**	**31.12.2025**
Sparebankens fond/opptent eigenkapital	316.430	292.730	316.430
Gåvefond	6.551	4.683	9.153
Anna eigenkapital	37.448	27.716	37.448
Fond for urealiserte gevinstar	0	0	0
Sum eigenkapital	**360.429**	**325.129**	**363.031**
Utbytte	0	0	-4.500
Frådrag for forsvarleg verdsetting	-394	-422	-413
Frådrag i rein kjernekapital	-6.353	-6.353	-6.353
Rein kjernekapital	**353.682**	**318.353**	**351.765**
Fondsobligasjonar	0	0	0
Frådrag i kjernekapital	0	0	0
Sum kjernekapital	**353.682**	**318.353**	**351.765**
Ansvarleg lånekapital	0	0	0
Frådrag i tilleggskapital	0	0	0
Sum tilleggskapital	**0**	**0**	**0**
Netto ansvarleg kapital	**353.682**	**318.353**	**351.765**

	30.09.2026	30.09.2025	31.12.2025
Eksponeringskategori (vekta verdi)			
Statar	0	0	0
Lokale og regionale myndigheiter	9.486	11.507	11.518
Offentleg eigde foretak	0	0	0
Institusjonar	11.212	25.750	13.646
Foretak	19.973	21.561	23.507
Massemarknad	267.246	0	403.998
Pantsikkerheit eigedom	589.212	835.183	335.060
- Herav pantsikkerheit i boligeigedom (CRR3)	535.841	782.882	288.260
- Herav pantsikkerheit i næringseigedom (CRR3)	53.371	52.302	46.799
Forfalte engasjement	13.709	18.117	24.919
Høgrisiko engasjement	0	0	0
Kjøp, utvikling og oppføring av fast eigedom	0	0	0
Obligasjonar med fortrinnsrett	20.223	18.886	18.557
Fordring på institusjonar og foretak med kortsiktig rating	7.115	7.782	7.032
Andelar verdipapirfond	13.113	16.533	16.733
Eigenkapitalposisjonar	129.593	104.421	118.876
Øvrige engasjement	33.615	42.339	21.844
Subordinert gjeld	0	0	0
CVA-tillegg	0	0	0
Sum utrekningsgrunnlag for kredittrisiko	**1.114.497**	**1.102.079**	**995.690**
Utrekningsgrunnlag frå operasjonell risiko	102.226	93.864	102.226
Utrekningsgrunnlag	**1.216.723**	**1.195.943**	**1.097.916**
Kapitaldekning i %	**29,07 %**	**26,62 %**	**32,04 %**
Kjernekapitaldekning	**29,07 %**	**26,62 %**	**32,04 %**
Rein kjernekapitaldekning i %	**29,07 %**	**26,62 %**	**32,04 %**
Uvekta kjernekapitalandel i %	**12,99 %**	**12,17 %**	**13,39 %**

Konsolidering av samarbeidande grupper

Banken rapporterer kapitaldekning konsolidert med eigarandel i samarbeidsgrupper.
Banken har ein eigarandel på 0,50% i Eika Gruppen AS, 0,92% i Eika Boligkreditt AS og 0,10% i Kredittbanken.

	30.09.2026	30.09.2025	31.12.2025
Rein kjernekapital	**351.569**	**317.320**	**349.941**
Kjernekapital	**357.810**	**322.610**	**356.030**
Ansvarleg kapital	**366.217**	**329.735**	**364.962**
Utrekningsgrunnlag	**1.535.664**	**1.441.483**	**1.383.473**
Kapitaldekning i %	**23,85 %**	**22,87 %**	**26,38 %**
Kjernekapitaldekning	**23,30 %**	**22,38 %**	**25,73 %**
Rein kjernekapitaldekning i %	**22,89 %**	**22,01 %**	**25,29 %**
Uvekta kjernekapitalandel i %	**8,96 %**	**9,02 %**	**9,40 %**